

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag på vegner av A, Krf og Sp:

«Pkt.5 – siste setning *Det er knytt motsegn til pkt. I* går ut.  
Nytt pkt. I. Føresegn 6.10 knytt til utslepp må endrast. Ein må tydleg sitere til at punktet gjeld ved vesentlege endringar på dei nemnde lokalitetane. (Skaftå og Blom), og ikkje vil gjele for dagens drift.»

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av Frp, H og V:

«Pkt. 2 utgår.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt 1, 3, 4 og 6 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt 2 fekk 7 røyster (A, Krf og Sp) mot Framnes sitt forslag som fall.

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner Osterøy kommune har gjort eit grundig arbeid for å avklare heilskapleg og overordna arealbruk i kommunen sitt sjø- og strandsoneareal. Utvalet meiner planforslaget balanserer utfordringar og moglegheiter med vidare utvikling av strandsona i kommunen på ein god måte.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at etablering av naustområde i omsynssone kulturmiljø for kyrkje, gravlund og kai på Hamre er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar.  
  
Forslag til arealbruk må takast ut av planen eller endrast for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* viser til at avgrensing for omsynssona for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik ikkje er korrekt. Det er knytt motsegn til dette punktet.
4. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege kulturminnefaglege merknader til planforslaget for følgjande tiltaksforslag:
  - I. Sentrumsformål Fotlandsvågen – Arealføremål BS 1 i plankart. Utvalet ber om at det vert stilt krav om ein samla reguleringsplan for Fotlandsvåg.
  - II. Småbåthamn i Fotlandsvågen – Arealføremål VS2 i plankart. Utvalet ber om at kommunen på nytt vurderer lokalisering av gjeste- og småbåthamn i Fotlandsvåg, då kommunen sitt forslag er i konflikt med kulturminne og landskapsomsyn.
  - III. Akvakulturanlegg på Blom – Arealføremål VA3 i plankart. Utvalet ber om at føresegn 6.12. vert endra til «Anlegget på Blom skal ta særleg omsyn til kulturmiljøet og nærliggande område (PBL §11-9, nr.6)».
  - IV. Naust ved Hosanger kyrkjestad – Arealføremål BAB30 i plankart. Området ligg innafør omsynssone kulturmiljø og ligg tett på Hosanger kyrkjestad og mellomalderkyrkjegarden. Utvalet er negativ til etablering av nytt naust då dette kan verke skjemmande på kulturmiljøet.
5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at det er ein utfordrande balansegang mellom

tilrettelegging for akvakulturinteresser og omsynet til berekraftig samfunnsutvikling. Osterøy kommune ønskjer med planforslaget å svare på nasjonale forventningar om kommunal planlegging som legg vekt på berekraftig og miljøvenleg utvikling. Utvalet meiner likevel at dagens akvakulturinteresser i for liten grad er ivaretatt i høve til bruk av føresegnar til akvakulturområde for Blom og Skaftå.

- I. Føresegn 6.10 knytt til utslepp må endrast. Ein må tydeleg sitere til at punktet gjeld ved vesentlege endringar på dei nemnde lokalitetane. (Skaftå og Blom), og ikkje vil gjelde for dagens drift.
- II. Føresegn knytt til utslepp frå akvakulturområda ved Viknabukta, Øyjordsvika og Heldal kan utfordre framtidige akvakulturinteresser i kommunen. Kommunen sitt overordna fokus på bærekraft vert likevel vurdert som så viktig at utvalet ønskjer å støtte kommunen sitt planforslag.

6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege merknader når det gjeld akvakultur:

- I. Det bør gjerast unntak i føresegn for at det på akvakulturanlegg kan gjerast alle typar endringar utan krav om reguleringsplan.
- II. Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i fleirbruksområde utan akvakultur.